



Til heimane

Myking 20. april 2017

## Skuletur til Bergen tysdag 25. april.

Som de har sett av skrivet om prosjektveka, så er temaet i år «Byen vår».

Tysdag neste veke vert skuledagen difor lagt til Bergen.

Elevane i 1, 2., 3. 4. 5. og 7. klasse vert henta med turbuss som

koyrer frå skulen ca 8.50. Sjette klasse og deira lærarar skal reisa med rutebussen klokka 8.25.



I Bergen har dei forskjellige klassane litt ulike undervisningsopplegg. 1.-2. klasse skal m.a. på Fløyen og få oppleva byen i «fugleperspektiv», medan resten skal halda til i sentrum og ha omvising m.a. i Håkonshallen og på Bryggen. Bussen heimatt går frå nærmere avtala stad i Bergen sentrum klokka 13.00.

Elevane er tilbake på skulen til skuleslutt og kjem heim til vanleg tid (6. klasse har eige reiseopplegg - sjå melding om dette på vekeplanen).

Elevane må kle seg etter været, og ha med seg ei god niste og drikkeflaske med vatn. Det vert lunsj i det fri.

Me gler oss til ein kjekk og innhaldsrik dag!

Helsing personalet ved Myking skule

*Nils Kvallås*

Ta med:

- Varme klede for å vera ute sjølv om det er kaldt og surt.
- God matpakke og gjerne noko varmt å drikke!
- Sitjeunderlag kan være lurt.